Dør og Vindusvern as

Tilstandsvurdering – Vågstranda kyrkje

Byggeår 1870 – ingen vernestatus

Innleiing

Denne tilstandsvurderinga omfattar taket på Vågstranda kyrkje, med fokus på konstruksjon, tekking, beslag, avrenning og eventuelle fuktskadar. Vurderinga byggjer på visuell inspeksjon med bruk av lift, innvendig gjennomgang av loft, samt registrering av symptom på lekkasje eller svekking av konstruksjon.

Konstruksjon og bereevne

Taket på skipet er oppført som sperretak med over/underliggere på tilfarere. Ut i frå synfaring på loft (rom mellom innvendig tak i skipet og yttertak) framstår kontruksjonen i god stand ut i frå alder. Det vart ikkje avdekka teikn til fukstskader eller råte i det ein kunne sjå av tro og den berande konstruksjonen.

Sakristiet er oppført i 1970, takkonstruksjonen er sperretak med tro, ved visuell undersøking gjennom takluke vart det ikkje avdekka teikn til fukt eller råte, konstruksjonen ser ut til å vere i god stand.

Av det vi kunne sjå frå loft vart det ikkje avdekka skader eller teikn til pågående lekkasjer i tårnet.

Tekking

Taket på skip og sakristi er tekka med 16tomms firkantskifer. Der er forholdsvis mykje mose på takflate mot nord. Ein ser at der har vore og er laus stein, ein del er festa opp med spiker/skruer gjennom skifer. Skiferen lagdeler seg. Ein kan gå ut i frå at avrusta spiker er årsaken til nedfall av stein, ein ser at skiferen er festa med svart klippspiker på skipet. Det er noko ujamnhet i takflata og ein må gå ut i frå at lekter må erstattast.

Skifer på sakristi er av same type stein og tilstanden på denne tilsei at ein bør skifte også denne.

Markering med pil viser område med «svekt». Austleg del av takflater er der ein kan pårekne skader då dette er «versida».

Tårnkrans og spir er tekt med koper og på dei to sidene av tekkinga vi fekk sett var det ikkje synlege skader

Beslag, renner og nedløp

Det vart ikkje avdekka skader eller tette nedløp/renner under synfaringa. Renner og nedløp har noko liten dimensjon og ved omtekking av taket bør dette aukast.





1. På sakristiet er der skottrenner med god funksjon.
2. Det er ikkje skottrenner på skipet, ved omtekking av taket meiner vi dette bør opprettast.

Innvendige symptom

Det er naturlege tørkesprekker i konstruksjonen og tømmer. Der er noko misfarging/skjolder på tømmervegg i skipet der det truleg har vore eit pipeløp?

Kyrkja framstår i god stand innvendig utan teikn til svekkelser i konstruksjon/berande element.

Tilrådde tiltak

Omtekking av tak på skip og sakristi.

Konklusjon

Det er ikkje indikasjonar på skader eller svekkelser i konstruksjonen, men tilstanden på skiferen krev tiltak for å hindre skade og sikre bygget sin funksjon og kulturhistoriske verdi. Ei samla utbetring av tekking, beslag og avrenningssystem på skip og sakristi vil gi best og mest varig effekt.

Vi tilrår at ein avventer omtekking av tårnet.

Maria Stornes Vigra 12.05.2026

Dør- og Vindusvern AS